



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	16.10.2008
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

Tema:

- **Gjennomgang av lovverket/landbruk v/Nils Edvin Sanden**
- **Gjennomgang av delegasjonsreglement/formannskapet**

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/60	Underskrift	
PS 08/61	Godkjenning av protokoll	
PS 08/62	Referatsaker Open post	
PS 08/63	Søknad om konsesjon på erverv av fast eigedom Gnr 114 Bnr 1	2008/432
PS 08/64	Søknad om å få utarbeide privat reguleringsplan Korvneset - på 57/1 eigar Elida Havnen - ved Magerøybrua	2008/501
PS 08/65	Godkjenning og behandling av merknadar - Regulering av Notvollen Eiendom AS 50/17,113, 135, 145, 213	2008/146
PS 08/66	Kjøp av grunn 50/31 og 32. Eigar dødsbo etter Liv Sjøvik	2008/502
PS 08/67	Årsmelding 2007 - Midsund Eldreråd	2008/270
PS 08/68	Forslag til representantar i dyrevernemnda - region Ytre Romsdal	2008/457
PS 08/69	Bibliotek - tilbygg til Midsund skule	2007/756
PS 08/70	Kjøp av aksjar i Samspleis AS	2008/426
PS 08/71	Tertialrapport 2. tertial 2008 - Midsund kommune	2008/533

Midsund, 09.10.08

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 08/60 Underskrift

PS 08/61 Godkjenning av protokoll

PS 08/62 Referatsaker



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/432-3

Arkiv: 114/1

Saksbeh: Nils Edvin Sanden

Dato: 18.09.2008

Saksframlegg

Søknad om konsesjon på erverv av fast eiendom Gnr 114 Bnr 1

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/54	Formannskapet	01.10.2008
08/63	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune finn ikkje å ville innvilge konsesjon til Arvid Kvisterød m.fl på kjøp av Drynasundhaug, gnr 114, bnr 1 i Midsund slik som saka ligg føre.

Midsund kommune ser positivt på at det vert etablert ei reiselivsverksemd med basis i den tidlegare handelsstaden på Dryna. Ein vil difor be om at bruken av areala vert avklåra gjennom ein reguleringsprosess eller ev. ein delingssøknad.

Behandling i Formannskapet - 01.10.2008

Frits Inge Godø (V) stilte spørsmål om sin habilitet.

4 voterande

Frits Inge Godø (V) vart samrøystes kjent inhabil.

4 voterande

Magne Reiten (SP) fremma følgjande forslag:

Formannskapet viser til at denne saka er prinsipiell, og vil derfor berre innstille på vedtak i denne saka. Formannskapet forutset at kommunestyret fattar endeleg vedtak.

Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

Midsund kommune innvilgar konsesjon til Arvid Kvisterød m.fl. på kjøp av Drynasundhaugen gnr. 114 bnr. 1 i Midsund.

Det er ei forutsetning at eigarskapet blir organisert i eit aksjeselskap og at det blir lagt fram ei plan for bu- og driveplikta

Forslag fremma av Magne Reiten (SP) vart samrøystes vedteke.

Det vart votert alternativt mellom forslag til vedtak og forslag fremma av Helge Orten (H). Forslag fremma av Helge Orten (H) vart vedteke med 3 mot 1 stemme.

Vedtak i Formannskapet - 01.10.2008

Formannskapet viser til at denne saka er prinsipiell, og vil derfor berre innstille på vedtak i denne saka. Formannskapet forutset at kommunestyret fattar endeleg vedtak.

Innstilling til vedtak:

Midsund kommune innvilgar konsesjon til Arvid Kvisterød m.fl. på kjøp av Drynasundhaugen gnr. 114 bnr. 1 i Midsund.

Det er ei forutsetning at eigarskapet blir organisert i eit aksjeselskap og at det blir lagt fram ei plan for bu- og driveplikta

Saksutgreiing:

Arvid Steinar Kvisterød søkjer på vegne av fire personar om konsesjon på kjøp av bruket Drynasundhaug, gnr 114, bnr 1 i Midsund.

Bruket har eit totalareal på 146 da. Av dette er 31,9 da fulldyrka, 2,4 da overflatedyrka og 12,4 da innmarksbeite. Det har ikkje vore sjølvstendig drift på bruket i lengre tid. Den fulldyrka jorda har vore dreve av eit anna bruk på Søre Midøy på ein langsiktig avtale. Denne avtalen er no utgått.

På bruket står følgjande bygningar:

Våningshus oppført i 1824. Huset er i dårleg stand.

Forretningsbygg oppført i 1946. Andre etasje er ikkje innreda. Huset er i middels stand.

Eit sjøhus/brygge i dårleg stand.

Den avtala kjøpesummen er 870000 kroner.

Det er lagt fram eit vedlegg til søknaden der det vert gjort greie for planene som ligg til grunn for kjøpet.

Det er eit aksjeselskap under stifting som skal stå som eigar av egedomen.

Forretningsbygget vil bli innreda til leiligheiter.

Våningshuset vil bli renoverert og første høgda vil bli leigd ut.

Sjøhuset vil bli renoverert.

Det skal utarbeidast eit privat reguleringsframlegg på deler av utmarka der arealet er tenkt nytta til oppføring av fritidsbustader for sal og utleige.

Dei ønskjer å vidareføre avtalen om drift av innmarka.

Det kan vere aktuelt å nytte deler av innmarka i reiselivssamanheng. Desse planene er ikkje konkretiserte.

Det er halde eit møte mellom kommunen og søkjarane der kommunen m.a. reiste spørsmål om det var aktuelt for søkjarane å avstå jordbruksareala. Dei var ikkje viljuge til avståing av areal og ba om at søknaden vart handsama slik den låg føre.

Kommunen har motteke eit brev frå brukaren av jordbruksareala, Laurits Godø. Han opplyser at dei har dreve dette bruket i over 30 år og har dyrka mesteparten av jorda. Han ønskjer å kjøpe den dyrka jorda og har behov for areala i samband med planlagt investering i driftsbygning.

Bruket ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Vurdering:

Konsesjonslova av 2003 har som føremål å regulere og kontrollere omsetnaden av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern av produksjonsareal og slike eigar og brukstilhøve som er mest gangeleg for samfunnet, m.a for å tilgodesjå:

1. framtidige generasjonar sitt behov
2. landbruksnæringa
3. behov for utbyggingsgrunn
4. omsynet til miljø, allmenne naturverninteresser og friluftssinteresser
5. omsynet til busetjing.

Fast eigedom kan ikkje ervervast utan konsesjon. Det er gjort unnatak for kravet om konsesjon for overdraging innan nære slekt, for områder som er regulert eller utlagt i kommuneplanen sin arealdel til utbyggingsføremål og for bebygd eigedom under 100 da dersom eigedomen har under 20 da fulldyrka jord.

I praksis har konsesjonslova verknad for omsetjing av større landbrukseigedomar og areal i LNF-områda.

Bu og driveplikt er eit vilkår for innvilging av konsesjon dersom det fylldyrka arealet er over 20 da. Det kan lempast på vilkåra etter søknad. Eigedomen må tilflyttast til innan eitt år frå heimelsoverføringa og vere bebudd og dreven i minst fem år. Buplikta etter konsesjonslova kan oppfyllast ved at eigedomen vert fast busett. Det er ikkje sett krav om personleg buplikt.

Ved handsaming av søknader om konsesjon på landbrukseigedomar skal det etter §9 leggjast følgjande omsyn til grunn:

1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling
2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosetting i området,
3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning, og
4. om erverver anses skikket til å drive eiendommen.

Konsesjon skal i alminnelig ikkje gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen eller talet på sameieparter øker.

Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.

Kommunen har mynde til å gjere endeleg vedtak i saka. Vedtaket kan påklagast til fylkeslandbruksstyret.

Eigedomen ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel og det er knyta bu og driveplikt til ervervet. Søknaden må difor handsamast som konsesjon på kjøp av ein landbrukseigedom.

Ev. planer for alternativ bruk av areala må handsamast gjennom ein reguleringsprosess etter plan og bygningslova og ev. som ein søknad om omdisponering av jordbruksareal etter §9 i jordlova. Det er ikkje utan vidare gitt at framlagde planer/søknader vil bli godkjente/innvilga.

Vurdering av pris:

Dersom den avtala kjøpesummen er over 750000 kroner skal kommunen vurdere om prisen er i samsvar med verdien som landbrukseigedom om det er eit rimeleg samsvar mellom pris og den avkastninga eigedomen kan gje. Eigedomen har ein stor bygningsmasse og det er vanskeleg å vurdere om det er berekna ein pris på jordbruksareala som overstig prisnivået som er tilrådd i rundskriv frå landbruksdepartementet. Kommunen bør difor akseptere den avtala prisen.

Busetjing

Buplikta etter konsesjonslova kan oppfyllast ved at det vert dreve ei verksemnd der eigedomen får fast busetjing. Ved innvilging av konsesjon kan dette setjast som vilkår. Utleie av husvære til ferie/fritidsføremål kan neppe stette kravet til busetjing.

Driftsmessige tilhøve

Konsesjonslova har til føremål m.a. å oppnå eit effektivt vern av produksjonsareal og like eigar og bruksforhold som er mest gangeleg for samfunnet. At eit aksjeselskap vert eigarar av jordbruksareal er neppe i samsvar med konsesjonslova sine føremål. Ved ev. innvilging av konsesjon må kommunen lempe på vilkåra om driveplikt dersom ikkje selskapet skal drive jordbruksareala.

Eigarform

Etter konsesjonslova §9 skal det til vanleg ikkje gjevast konsesjon til sameiger. Det kan gjevast konsesjon til selskap med begrensa ansvar. Ved ev. innvilging av konsesjon bør det setjast vilkår om at konsesjon formelt vert innvilga til aksjeselskapet.

Konklusjon

Det er søkt om konsesjon på kjøp av ein landbrukseigedom. Å innvilge konsesjon til eit aksjeselskap vil vere i strid med konsesjonlova sine føremål. Dersom jordbruksarealet vert frådelt og selt til eigaren av eit gardsbruk kan eigedomen ervervast konsesjonsfritt dersom arealet kjem under 100 da. Gjennom ei ev. konsesjonshandsaming av salet av jordbruksareala kan kommunen setje krav til pris og driftsmessige tilhøve. Kommunen kan imidlertid ikkje setje krav om sal til ein enkeltperson. Kommunen kan ev. setje vilkår om avståing av jordbruksareala for innvilging av konsesjon.

Dette spørsmålet har vore drøfta med konsesjonssøklarane.

Kommunen bør difor nekte konsesjon på kjøpet slik som saka ligg føre.

Gjennom ein reguleringsprosess eller frådelingsøknad kan kommunen ta stilling til disponering av areala på bruket. Ein bebygd eigedom med areal under 100 da og under 20 da fulldyrka jord kan ervervast konsesjonsfritt.

Konsesjonssøklar og eigar har klagerett på eit ev. avslag. Spørsmålet om ev. klagerett til brukaren av jordbruksareala må takast stilling til ved ei ev. klagebehandling.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Gunnar Kvalsund
Rådmann

Nils Edvin Sanden
Konsulent landbruk

Vedlegg (prenta):

Søknad om konsesjon.
Brev frå søkjar
Brev frå Laurits Godø
Kart

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Arvid Kvisterø
Agnar Godø
Laurits Godø



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/501-1
Arkiv:
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 18.09.2008

Saksframlegg

Søknad om å få utarbeide privat reguleringsplan Korvneset - på 57/1 eigar Elida Havnen - ved Magerøybrua

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/18	Planutvalet	01.10.2008
08/64	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Sidan Arealdelen stå føre ei rullering må søkjaren vente til den er rullert. Søknaden blir tatt med som eit innspel i planprosessen i rullering av Arealdelen.

Behandling i Planutvalet - 01.10.2008

Det vart fremma følgjande forslag i møtet:

I mangel av oppdatert arealdel for kommuneplana ber planutvalet kommunestyret ta stilling til arealbruken, og om det skal bli gitt løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid.

Det vart votert alternativt mellom rådmannen sitt forslag og forslag fremma i møtet.
Forslag fremma i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Planutvalet - 01.10.2008

I mangel av oppdatert arealdel for kommuneplana ber planutvalet kommunestyret ta stilling til arealbruken, og om det skal bli gitt løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid.

Saksutgreiing:

Elida Havnen 57/1 v/ Hallstein Solvang har søkt om å få utarbeide privat reguleringsplan for eit område nord aust for Magerøybrua - Korveneset, der det blei tatt ut masse til bygging av vegen til Magerøya. Eit landareal på ca 20 mål. Formålet med reguleringa er å leggje til rette for industri i første omgang sjørelatert verkstad for reparasjon av båtar.

Den 15.07.08 vart det halde ein forhandskonferanse med Hallstein Solvang og Ivar Havnen for å gå igjennom planstatus for område, samt andre rapportar/dokument som er viktig for området, reguleringsformål, aktuelle høyringsinstansar, osv.

Vurdering:

Kommunen er i hht. loven forplikta til å behandle regulerings- og bebyggelsesplaner og drive kontinuerleg med kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling. Det er kommunen som ut frå ein helhetsvurdering bestemmer bruk og vern av areala innanfor kommunens grenser. Før kommunen foretar de endelige avveiningar mellom ulike interesser, skal plan- og bygningslovens bestemmelser om samarbeid, samråd og offentlighet være fylgt. Planlegginga skal være i tråd med viktige nasjonale og regionale mål, rammer og retningslinjer. Kommunen skal vidare sørge for at det foreligger et tilstrekkelig beslutningsgrunnlag før vedtak fattes.

PBL : § 30. Private forslag om regulering

Grunneiere, rettighetshavere eller andre interesserte som ønsker å la utarbeide reguleringsplan bør før planlegging settes i gang forelegge reguleringsspørsmålet for det faste utvalget for plansaker. Det faste utvalget for plansaker kan gi råd om planen bør utarbeides og kan bistå i planarbeidet.

Når det kommer inn private reguleringsforslag, skal det faste utvalget for plansaker selv snarest mulig og innen 12 uker behandle forslaget. Forslagsstiller og kommunen kan avtale en annen frist. Finner ikke det faste utvalget for plansaker selv grunn til å fremme reguleringsforslag for området, skal forslagsstilleren underrettes ved brev. Omfatter forslaget uregulert område eller innebærer det en vesentlig endring av gjeldende reguleringsplan, kan forslagsstilleren kreve at reguleringsspørsmålet skal forelegges kommunestyret.

For private reguleringsforslag gjelder bestemmelsen i § 27-1 nr. 1 annet ledd tilsvarende. Plikten til kunngjøring og underretning etter § 27-1 nr. 1 annet ledd påhviler den som lar utarbeide reguleringsplanen.

Midsund kommune har pt. ikkje noko rettleiar/retningslinjer om korleis ein skal behandle innkomne søknadar om utarbeiding av private reguleringsplanar. Kommuneplan for Midsund – Arealdelen er frå 1997, plana er høyst moden for rullering.

I det aktuelle området i Kommuneplan for Midsund – Arealdelen avsett til LNF 1 område.

Utskrift frå Arealdelen av 1997:

Landbruks-, natur- og friluftsområde:



LNF-1:

Innanfor desse områda vil det bli gitt løyve til bygging og deling som er tilknytt stadbunden næring, jf. PBL § 20-4, 1. ledd pkt. 2.

Dette er område med viktige landbruks- natur- og friluftstiltak. Bygging, deling og/eller andre anleggstiltak utanom stadbunden næring er derfor ikkje ønskeleg i desse områda.

Søknaden om bygging og/eller deling som gjeld stadbunden næring blir å behandle etter gjeldande lover og regler. Det vil vere nødvendig å innhente godkjenning frå m.a. Statens Vegvesen før løyve blir gitt.

Søknader om bygging og/eller deling som ikkje har tilknytning til stadbunden næring, blir å sende til Møre og Romsdal Fylke og andre statlege fagorgan for uttale. Saksbehandlingstida vil vere relativt lang.

I 2005 blei det utarbeida et ”Kartlegging av naturtypar i Midsund kommune”. Denne kartlegginga er ein dokumentasjon av verdiar på forskjellige stadar i kommunen. Rapporten skal kunne brukast som ein kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging. Området det er søkt om å få utarbeide ei privat reguleringsplan ligg i eit område som det er registrert kystlynghei, intakt låglangsmyr, rikmyr og er registrert som nr. 16 Otrøya: Raknes-Korvneset(kystlynghei, myr) . Området er rekna som viktig. Det er opp til Planutvalet å bestemme kor viktig dette er i samanheng med godkjenning av oppstart med reguleringsplana på Korvneset.

I Arealplanarbeidet i 1997 blei det laga eit temakart over bla. Naturvern, vilt og friluftsliv. Dette temakartet har MR fylke lagt inn på sitt kart over friluftsområdar i Midsund kommune. Det ligg inne på GisLink.no . Statusen på dette er pt. noko usikker. Midsund kommune må ta stilling til om området har ein så viktig friluftstatus/ eller anna interesser at det ikkje er ønska at deler området ved Magerøybrua – Korvneset, eller bør vente til rullering av Artealdelen

Konklusjon.

Sidan Kommuneplanen for Midsund - arealdelen med tilhøyrande temakart står føre ei rullering bør ein vente med å ta stilling til søknaden og ta søknaden med som eit innspel i planprosessen.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Gunnar Kvalsund
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Oversiktskart
Arealdelen
Friluftsområder
Naturbase dokumentasjon. Biologisk mangfald

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/146-13
Arkiv: L12
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 22.09.2008

Saksframlegg

Godkjenning og behandling av merknadar - Regulering av Notvollen Eiendom AS
50/17,113, 135, 145, 213

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/19	Planutvalet	01.10.2008
08/65	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune godkjenner reguleringsplana for Notvollen i Midsund sentrum plankart datert 07.05.08 og føresegner datert 24.09.08.
Med følgjande forandringar i *kursiv* skrift:

Møre og Romsdal fylke:

Automatisk freda kulturminne

Tekst som skal vere med i føresegna i generelt

Dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Dette punkter skal inn i føresegnene, merknad tatt til følgje.

Samfunnstryggleik

Det skal utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsvurdering.

Det er utarbeida ei risiko- og sårbarheit i samfunnsplanlegginga, merknad tatt til følgje

Planfagleg vurdering

Avklaring på forholdet mellom bustad/kontor, evt. prosent eller etasjebeskriving.
Paragraf 5.3 i føresegnene må bli i samsvar med plankartet vedk. båthamn.

Tillegg i paragraf 4.1

Byggja(kontor/bustad) kan oppførast i 3 etg.

1. etg. skal det vere garasjar og bodar til 3 etg., lager for 2 etg.
2. etg. skal det vere kontor
3. etg. skal det vere bustad

Skal strykast i paragraf 5.3.

Heile avsnittet skal strykast.

Ny paragraf 5.3 Flytebyggje

Flytebyggja kan leggjast parallelt med fyllinga sør for kontor/bustad bygget og vest for eksisterande kai. Avstanden skal vere 2 m som er eit trafikkareal for flytebyggja. Flytebyggja skal teiknast inn på plankartet med eige symbol under spesialområde. Flytebyggja skal vere minst 2 m bak linja til eksisterande kaifront for å sikre maureringa til større båtar.

Kaia og flytebyggja er ei eining og kan ikkje delast opp.

Nedgang til flytebyggja skal vere frå eksisterande kai.

Flytebyggja kan ikkje ha utliggjarar.

Flytebyggja skal primært vere tilgjengeleg for veksemd knytt til næringsdrift.

På plankartet skal teksten "Kaifront" stå framfor eksisterande kai

Merknad tatt til følgje.

Kystverket Midt – Noreg

Eksisterande kai er farga som sjøareal er det riktig ?

Kai skal ha sosikode 381, merknad tatt til følgje.

Det må teiknast inn fyllingsfoten på sjøbotn for å kunne vurdere ytre planavgrensing.

Fyllingsfoten skal teiknast inn som ei stipla linje, merknad tatt til følgje.

% vis fordeling eller pr etasje fordeling mellom kontor og bustad.

Merknad tatt til følgje

Sette inni fellesføresegnene :

Tiltak i sjø kan ikkje setjast i verk før det føreligg godkjenning etter Havne og farvannslova.

Merknad tatt til følgje

Paragraf 5.1 og 5.2 er mangelfull. Privat vc almenta.

Paragraf 5.3 småbåthamn må spesifiserast meir.

På plankartet skal Båthamn område innskrenkast framfor eksisterande kai slik at det ikkje blir båthamn i arealet som større båtar treng for å komme til eksisterande kai.

Merknad tatt til følgje.

Plankartet skal oppdaterast når kommunestyret har vedteke reguleringsplana.

Behandling i Planutvalet - 01.10.2008

Aslaug Jensen Sanden (H) stilte spørsmål om sin habilitet.

4 voterande

Aslaug Jensen Sanden (H) vart samrøystes kjent inhabil.

4 voterande

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Planutvalet - 01.10.2008

Midsund kommune godkjenner reguleringsplana for Notvollen i Midsund sentrum plankart datert 07.05.08 og føresegner datert 24.09.08.

Med følgjande forandringar i kursiv skrift:

Møre og Romsdal fylke:

Automatisk freda kulturminne

Tekst som skal vere med i føresegna i generelt

Dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Dette punkter skal inn i føresegnene, merknad tatt til følgje.

Samfunnstryggleik

Det skal utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsvurdering.

Det er utarbeida ei risiko- og sårbarheit i samfunnsplanlegginga, merknad tatt til følgje

Planfagleg vurdering

Avklaring på forholdet mellom bustad/kontor, evt. prosent eller etasjebeskriving.

Paragraf 5.3 i føresegnene må bli i samsvar med plankartet vedk. båthamn.

Tillegg i paragraf 4.1

Byggja(kontor/bustad) kan oppførast i 3 etg.

4. etg. skal det vere garasjar og bodar til 3 etg., lager for 2 etg.

5. etg. skal det vere kontor

6. etg. skal det vere bustad

Skal strykast i paragraf 5.3.

Heile avsnittet skal strykast.

Ny paragraf 5.3 Flytebryggja

Flytebryggja kan leggjast parallelt med fyllinga sør for kontor/bustad bygget og vest for eksisterande kai. Avstanden skal vere 2 m som er eit trafikkareal for flytebryggja. Flytebryggja skal teiknast inn på plankartet med eige symbol under spesialområde. Flytebryggja skal vere minst 2 m bak linja til eksisterande kaifront for å sikre maureringa til større båtar.

Kaia og flytebryggja er ei eining og kan ikkje delast opp.

Nedgang til flytebryggja skal vere frå eksisterande kai.

Flytebryggja kan ikkje ha utliggjarar.

Flytebryggja skal primært vere tilgjengeleg for veksemd knytt til næringsdrift.

På plankartet skal teksten "Kaifront" stå framfor eksisterande kai

Merknad tatt til følgje.

Kystverket Midt – Noreg

Eksisterande kai er farga som sjøareal er det riktig ?

Kai skal ha sosikode 381, merknad tatt til følgje.

Det må teiknast inn fyllingsfoten på sjøbotn for å kunne vurdere ytre planavgrensing.

Fyllingsfoten skal teiknast inn som ei stipla linje, merknad tatt til følgje.

% vis fordeling eller pr etasje fordeling mellom kontor og bustad.

Merknad tatt til følgje

Sette inni fellesføresegnene :

Tiltak i sjø kan ikkje setjast i verk før det føreligg godkjenning etter Havne og farvannslova.

Merknad tatt til følgje

Paragraf 5.1 og 5.2 er mangelfull. Privat vc almenta.

Paragraf 5.3 småbåthamn må spesifiserast meir.

På plankartet skal Båthamn område innskrenkast framfor eksisterande kai slik at det ikkje blir båthamn i arealet som større båtar treng for å komme til eksisterande kai.

Merknad tatt til følgje.

Plankartet skal oppdaterast når kommunestyret har vedteke reguleringsplana.

Saksutgreiing:

Reguleringsplana for Notvollen har vore lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 15.05.08 – 30.06.08.

Det kom inn 3 merknadar: Molde og Romsdal havn IKS datert 10.06.08, Møre og Romsdal fylke datert 27.06.08 og Kystverket Midt – Norge datert 07.08.08:

Molde og Romsdal havn IKS:

Ingen merknadar.

Møre og Romsdal fylke:

Automatisk freda kulturminne

Tekst som skal vere med i føreseigna i fellesteksten

.

”Dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.”

Samfunnstryggleik

Det skal utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsvurdering.

Planfagleg vurdering

Avklaring på forholdet mellom bustad/kontor, evt. prosent eller etasjebeskriving.

Paragraf 5.3 i føresegnene må bli i samsvar med plankartet vedk. båthamn.

Kystverket Midt – Noreg

Eksisterande kai er farga som sjøareal er det riktig ?

Det må teiknast inn fyllingsfoten på sjøbotn for å kunne vurdere ytre planavgrensing.

% vis fordeling eller pr etasje fordeling mellom kontor og bustad.

Sette inni fellesføresegnene :

Tiltak i sjø kan ikkje setjast i verk før det føreligg godkjenning etter Havne og farvannslova.

Paragraf 5.1 og 5.2 er mangelfull. Privat vc almente.

Paragraf 5.3 småbåthamn må spesifiserast meir.

Midsund kommune v/ teknisk sjef og Notvollen Eiendom As v/ Lars Jarle Jensen hadde eit oppklaringsmøte den 23.09.08 med Kystverket Midt – Noreg. Der blei vi samde om at plana skal konkretiserast på enkelte punkt slik at Kystverket Midt – Noreg får plana til gjennomsyn og kan oppheve motsegna.

Vurdering:

Kommentar til merknadane:

Møre og Romsdal fylke:

Automatisk freda kulturminne

Tekst som skal vere med i føreseigna i generelt

.

”Dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.”

Dette punkter skal inn i føresegnene, merknad tatt til følgje.

Samfunnstryggleik

Det skal utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsvurdering.

Det er utarbeida ei risiko- og sårbarheit i samfunnsplanlegginga, merknad tatt til følgje

Planfagleg vurdering

Avklaring på forholdet mellom bustad/kontor, evt. prosent eller etasjebeskriving.

Paragraf 5.3 i føresegnene må bli i samsvar med plankartet vedk. båthamn.

Tillegg i paragraf 4.1

Byggja(kontor/bustad) kan oppførast i 3 etg.

7. etg. skal det vere garasjar og bodar til 3 etg., lager for 2 etg.

8. etg. skal det vere kontor

9. etg. skal det vere bustad

Skal strykast iparagraf 5.3.

Heile avsnittet skal strykast.

Ny paragraf 5.3 Flytebyggje

Flytebyggja kan leggjast parallelt med fyllinga sør for kontor/bustad bygget og vest for eksisterande kai. Avstanden skal vere 2 m som er eit trafikkareal for flytebyggja. Flytebyggja skal teiknast inn på plankartet med eige symbol under spesialområde. Flytebyggja skal vere minst 2 m bak linja til eksisterande kaifront for å sikre maureringa til større båtar.

Kaia og flytebyggja er ei eining og kan ikkje delast opp.

Nedgang til flytebyggja skal vere frå eksisterande kai.

Flytebyggja kan ikkje ha utliggjarar.

Flytebyggja skal primært vere tilgjengeleg for veksemd knytt til næringsdrift.

På plankartet skal teksten "Kaifront" stå framfor eksisterande kai

Merknad tatt til følgje.

Kystverket Midt – Noreg

Eksisterande kai er farga som sjøareal er det riktig ?

Kai skal ha sosikode 381, merknad tatt til følgje.

Det må teiknast inn fyllingsfoten på sjøbotn for å kunne vurdere ytre planavgrensing.

Fyllingsfoten skal teiknast inn som ei stipla linje, merknad tatt til følgje.

% vis fordeling eller pr etasje fordeling mellom kontor og bustad.

Merknad tatt til følgje

Sette inni fellesføresegnene :

*Tiltak i sjø kan ikkje setjast i verk før det føreligg godkjenning etter Havne og farvannslova.
Merknad tatt til følgje*

Paragraf 5.1 og 5.2 er mangelfull. Privat vc almenta.
Paragraf 5.3 småbåthamn må spesifiserast meir.

På plankartet skal Båthamn område innskrenkast framfor eksisterande kai slik at det ikkje blir båthamn i arealet som større båtar treng for å komme til eksisterande kai.

Merknad tatt til følgje.

Ved å ta merknadane og motsegna til følgje kan Midsund kommune eigengodkjenne reguleringsplana for Notvollen i Midsund sentrum.

Vedtaket blir oversendt Kystverket Midt – Noreg for ny utale før saka går til kommunestyret.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Gunnar Kvalsund
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Reguleringsplan for Notvollen, Føresegner
Plankart reguleringsplan
Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga
Molde og Romsdal Havn IKS – uttale datert 10.06.08
Møre og Romsdal Fylke – uttale datert 27.06.08
Kystverket – uttale datert 07.08.08

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/502-2
Arkiv:
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 23.09.2008

Saksframlegg

Kjøp av grunn 50/31 og 32. Eigar dødsbo etter Liv Sjøvik

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/53	Formannskapet	01.10.2008
08/66	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram til drøfting

Behandling i Formannskapet - 01.10.2008

Det vart fremma følgjande forslag:

Midsund kommune kjøper gnr. 50 bnr. 31 og 32 for kr 20 000,-.

Budsjettendring 2008:

Art	Ansvar	Prosjekt	Kroner	
0280 Grunnerverv	4060 Kjøp og sal av grunn	97 Tomter	45 000,-	Aukast
0670 Sal av fast eigedom	4070 Kommunale byggefelt	97 Tomter	45 000,-	Aukast

Forslag fremma i møtet vart vedteke med 4 mot 1 stemme.

Vedtak i Formannskapet - 01.10.2008

Midsund kommune kjøper gnr. 50 bnr. 31 og 32 for kr 20 000,-.

Budsjettendring 2008:

Art	Ansvar	Prosjekt	Kroner	
0280 Grunnerverv	4060 Kjøp og sal av grunn	97 Tomter	45 000,-	Aukast
0670 Sal av fast eigedom	4070 Kommunale byggefelt	97 Tomter	45 000,-	Aukast

Saksutgreiing:

Dødsbuet etter Liv Sjøvik ønskjer å selje to tomter i Midsund sentrum 50/31 på ca 2100 m2 og 50/32 på ca 200m2 som ligg mellom Idavoll og Arve Misund 50/20. Tomtene går frå Rv 668 og ca 55m opp mot eigedommen til Synnøve Misund.

Teknisk har gått i forhandlingar med Knut Otto Sjøvik som har fått fullmakt frå Romsdal Tingrett i ein skifteattest datert 18.07.08 til å bestyre buet.

Grunnen er å leggje fram saka for politisk drøfting er om det kan vere interessant for Midsund kommune å kjøpe nemnde tomter. Sidan Rv 668 skal opprustast til framtidig Rv gjennom Midsund sentrum. Grunnkjøpet kan sikre at kommunen har hand om arealet når Rv 668 skal byggjast.

Vurdering:

Teknisk er usikker om ein skal rå til at kommunen kjøper nemnde tomter, og om det er ein fordel at kommune eig nemnde tomter. Det er ingen heftingar på eigedommane.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

For begge tomtene er det framhanda ein samla grunnkjøpspris på kr. 20.000. I tillegg kjem Kartforretningskostnadar og Tinglysing av skjøte med kr. 24.000, slik at totalsummen blir kr. 44.000. Grunnen til at det kjem kartforretningskostnadar er at tomtene ikkje har målebrev og eksakt fastsett grenser, som er høgst nødvendig i disse digitale tider.

Finanssering.

Ansvar 4070 Kommunale byggefelt (sal av tomter) er det budsjettert i 2008 med ei inntekt på kr. 200.000. Pt. har det komme inn kr. 150.000 for salg av 3 tomter i Selvika bustadfelt til Midsund bustadstifting, arealet er ca. 3000 m2. Berre tomtosalget vil være på ca kr. 150.000 i tillegg kjem refusjonen på veg med ca kr. 100.000.

Budsjettendring 2008:

Art	Ansvar	Prosjekt	Kroner	
0280 Grunnerverv	4060 Kjøp og salg av grunn	97 Tomter	45 000,-	Aukast
0670 Salg av fast eiendom	4070 Kommunale byggefelt	97 Tomter	45 000,-	Aukast

Konklusjon.

Legg fram saka utan innstilling til drøfting.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Kart over området

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Økonomi og Teknisk



Midsund kommune
Heimebasert omsorg

Arkivsak: 2008/270-2

Arkiv:

Saksbeh: Eva Tangen

Dato: 08.10.2008

Saksframlegg

Årsmelding 2007 - Midsund Eldreråd

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/17	Eldrerådet	18.08.2008
08/67	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Eldrerådet tek årsmelding til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 18.08.2008

Eldrerådet tek årsmelding til vitande.

Vedtak i Eldrerådet - 18.08.2008

Eldrerådet tek årsmelding til vitande.

Saksutgreiing:

Eldrerådet er eit organ som er pålagt i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8. november 1991. Det er eit rådgjevande organ for kommunen, og skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for dei eldre i kommunen.

Grunna valår vart det hausten 2007 sett saman eit nytt Eldreråd, men mange av dei faste medlemmane er med vidare. Rådet velte sjølv ny leiar og nestleiar, som skal vere blant medlemmane som er alderspensjonistar.

Medlemar 1. halvår

Nella Tangen – Leiar
Eldbjørg Orvik – Nestleiar
Eivind Løken
Svein Misund
Aslaug Jensen Sanden

pers.varamedl.: Johan Blø
Harald Stormyr
Annhild Ugelvik
Else Nygård
Sigbjørn Midtbø

Medlemar 2. halvår

Nella Tangen – Leiar
Eldbjørg Orvik – Nestleiar
Eivind Løken
Svein Misund
Zakia Mustafa

pers.varamedl.: Johan Blø
Harald Stormyr
Annhild Ugelvik
Gunnlaug Tangen
Sigbjørn Midtbø

Eldrerådet har halde 4 møter. Møtestad er kantina ved Midsund omsorgssenter. Dei har behandla og uttalt seg om saker som betalingssatsar, planar og budsjett.

I tillegg arrangerte dei Den internasjonale eldredagen søndag 30. september. Denne gongen lånte dei lokale ved Midsund skule og det var rundt 100 personar som hadde ein fin og underhaldande ettermiddag.

Nokre av medlemmane har også delteke på kurs, mellom Nordisk konferanse om eldrepedagogikk og Hjerteaksjonen (arr. av Fylkeshelselaget i Møre og Romsdal).

Vurdering:

Eldrerådet er engasjert og tek aktivt del i saker som vedkjem eldre i Midsund kommune.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Eva Tangen
leiar sekretærenesta

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2008/457-2
Arkiv: 033
Saksbeh: Ann Torill Vaksvik
Dato: 04.09.2008

Saksframlegg

Forslag til representantar i dyrevernemnda - region Ytre Romsdal

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/14	Valnemnda	04.09.2008
08/68	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Behandling i Valnemnda - 04.09.2008

Det vart fremma følgjande forslag:

Midsund kommune sitt forslag til representantar i dyrevernemnda:

Medlemar: Laurits Godø
Svanaug Lervik
Varamedlemar: Margrethe Raknes
Kjell Ove Løken

Forslag fremma i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 04.09.2008

Midsund kommune sitt forslag til representantar i dyrevernemnda:

Medlemar: Laurits Godø
Svanaug Lervik
Varamedlemar: Margrethe Raknes

Saksutgreiing:

I brev datert 26.08.2008 frå Mattilsynet – Regionkontoret for Trøndelag, Møre og Romsdal orienterar dei kommunen om at dei har sett i gang arbeidet med å oppnemne nye dyrevernsmemnder for perioden 2009 – 2012.

I forskrift om dyrevernemnder av 13. februar 2004 nr 425 § 1 tredje ledd står det:
”Medlemar og like mange varamedlemar skal oppnemnast av Mattilsynet regionalt for 4 år om gongen etter framlegg frå dei einskilde kommunane. Mattilsynet lokalt skal uttale seg om framlegga. Til nemnda skal det fyrst og fremst oppnemnast folk med praktisk skjøn på husdyrhald og dyrestell og med kunnskap om og interesse for dyrevern. Ingen skal oppnemnast mot sin vilje”.

Mattilsynet understrekar at det kan vere fornuftig å oppretthalde ein viss kontinuitet i nemnda, slik at erfaringane kan overførast mellom dei gamle og dei nye medlemmane.

Mattilsynet ber om at kommunen fremmar forslag på følgjande:

To personar til verv som medlem av dyrevernemnda, ein mann og ei kvinne
To personar til verv som varamedlem i dyrevernemnda, ein mann og ei kvinne
For 2005 - 2008 fremma Midsund kommune forslag på desse representantane til dyrevernemnda:

Medlemar:	Laurits Godø Svanaug Lervik
Varamedlemar:	Margrethe Raknes Kjell Ove Løken

Vurdering:

Midsund kommune fremmar forslag på representantar til dyrevernsmemnda for perioden 2009 - 2012:

To personar til verv som medlem i dyrevernsmemnda, ein mann og ei kvinne
To personar til verv som varamedlem i dyrevernsmemnda, ein mann og ei kvinne

Gunnar Kvalsund
rådmann

Ann Torill Vaksvik
førstesekretær

Vedlegg (prenta): Skriv frå Mattilsynet datert 26.08.08
Føresegn om dyrevernemner

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Mattilsynet
Forslag på medlemar og varamedlemar



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/756-9
Arkiv:
Saksbeh: Gunnar Kvalsund
Dato: 02.10.2008

Saksframlegg

Bibliotek - tilbygg til Midsund skule

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/22	Eldrerådet	13.10.2008
08/69	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Biblioteket blir plassert i nytt tilbygg til Midsund skule.

Dei budsjettmessige konsekvensane flyttinga av biblioteket til Midsund skule får, blir tatt inn i budsjettet for 2009.

Nytt tilbygg ved Midsund skule blir finansiert ved låneopptak og tas med i investeringsbudsjettet i 2009.

Saksutgreiing:

Noverande bibliotek er lokalisert i idrettshallen, der kommunen leiger lokaler. Etter at samarbeidsavtale mellom kommunen og idrettslaget gikk ut – der kommunen dekte lånekostnader for idrettshallen, mot gratis leie av lokalitetar for biblioteket, er det satt fram krav om årlig husleige på kr 180.000.- Kommunen synes at ei slik husleige pr år er forholdsvis høg, og sett i lys av den økonomiske situasjonen i kommunen, vart leigeavtalen oppsagt pr 30.6.08

I påvente av utredninga, frå eit tilbygg til Midsund skule eller stenging pga av manglende økonomi, er leigeavtalen forlenga ut 2008.

I den tidlegare saksutgreiinga og behandlinga i politiske organ er det gitt signal om at ei halvering av arealet i noverande lokaliteter, og på denne måten spare kostnader, ikkje er eit reelt alternativ. Ei slik løysing ville gi biblioteket lite tjenlege lokaliteter.

Midsund skule har meldt stor interesse for å knytte biblioteket til skulen – for å få ett betre tilbod til elevane – då noverande skulebibliotek er heller lite attraktivt. Skulen ser også stor verdi i det å få knytte ein slik funksjon til skulen, og på denne måten, saman med blant anna publikumsåpent bassenget, vil gjere skulen og skuleområdet meir åpent og i bruk for alle i Midsund.

Skulen har vurdert det slik at ein kan knytte eit tilbygg inn mot storsalen, slik at denne salen også kan brukast som publikumsareal og leseplass i åpningstidene for biblioteket, uten at dette forringer bruksverdien for storsalen i høve til anna bruk. Ei slik tilknytning av eit tilbygg vil også kunne gi innsparingar på bruksareal for biblioteket, i det ein kunne bruke nemnte areal til leseplass, men også bruke skulen sine toalettfasiliteter, inngangsparti, m.v.

Eit anna poeng som skulen fremhever er at ei slik løysing også ville gi betre tilhøve for personalet ved biblioteket, der vedkommende kunne ha tilgang til personalrom og få ei kollegial tilknytning til det øvrige personalet ved skulen. Skulen ser også potensialet i at den funksjonen ein i dag har for skulebibliotek, kan leggest inn i eit slikt offentleg bibliotek.

Fylkesbiblioteket har også vore i kontakt med kommunen. Dei ser med bekymring på situasjonen. Dei ser også den vanskelege økonomiske situasjonen som kommunen er i, men påpeiker at kommunen er pålagt å ha eit offentleg bibliotek. Kommunen er også pålagt å ha ein godkjent kvalifisert leiar av biblioteket, noko kommunen no gjennom fleire år har fått dispensasjon ifrå. Representantar for fylkesbiblioteket har også vore på besøk og fått presentert ideen om ei tilknytning til skulen. Dei bifaller ideen og vil være med å støtte opp om ei slik etablering. I dette ligger også eit mulig utsagn om samarbeid for å få på plass kvalifisert leiing av biblioteket og tiltak for å vidareutvikle biblioteket i Midsund. Frå Vidar Kursetgjerde, ansvarleg for biblioteket i Ålesund har vi fått oversendt ei vurdering av areal for biblioteket i Midsund. Det vert her operert med eit samla areal på rundt 250 m². Ved ei kobling mot eksisterande bygningsmasse ved Midsund skule, der ein kan bruke eksisterande areal som skissert ovanfor, kan vi minke dette behovet.

For å vurdere den kostnadmessige delen av ei slik eventuell flytting av biblioteket, vil dette vere i første rekke ei vurdering av den kostnad ein ser i dag, ved noverande krav på leige, og kva ei eventuell utbygging/tilknytning av nytt bygg til Midsund skule vil utgjere av kapitalkostnader. Vi har innhenta vurdering av pris på eit bygg på 150 m², inkl. montering, tilrettelegging og ventilasjon. Pris på dette er kr 1.500.000.-.

Vurdering:

Eit nytt tilbygg til Midsund skule for biblioteket vil ikkje gi dei store årlege innsparingane, i høve til ei fortsatt drift i noverande lokaler. Men samtidig kan dette gi eit løft for drifta av biblioteket – eit personalmessig løft i og med at arbeidstakarar kan ha tilknytning til eit kollegialt miljø, og der vi får eit meir attraktivt miljø for biblioteket. Dette vil også gi eit løft for skulen. Ein får ein vesentlig større og enklare tilgang til litteratur og fagstoff for elevane, og det gir skulen ein betre posisjon i lokalsamfunnet, der publikum blir trekt inn i lokalitetane til skulen og gir åpning for å skape eit betre image og tilhøve til skulen. Basert på dette vil rådmann innstille på at ein gjer vedtak om å bygge eit tilbygg til Midsund skule, som nytt bibliotek for Midsund.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Drift av biblioteket, med bestående lokaliteter

Drift av bibliotek, ansvar 2510, inkl kr 50000.- i husleie,budsjett 2008	368000
Øking av husleie (huseiers tilbud - budsjettpost 2008) 180000 - 50000	130000
Drift av bibliotek, ansvar 4160, budsjett 2008	51000

Sum drift årlig - drift som nå i nåværende lokaler 549000

Drift av biblioteket, med nytt tilbygg til Midsund skule

Tidligere oppgitt beløp:

Låneopptak kr 1.500.000.-, 40 år, rente 7,6%

Lånefinansiering 114000

Avdrag 37500

Ny vurdering av kostnad, basert på erfaringstall paviljong Raknes

Bygg på 150 m2, inkl tilkobling, kr 13000/m2

Nytt låneopptak: kr 1950000, 40 år, rente 7,6%

Lånefinansiering 148200

Avdrag 48750

Drift av biblioteket, ansvar 2510, eks husleie (budsjett 2008) 318000

Innsparinger ved samlokalisering ved skulen:

Drift av biblioteket ansvar 4160 (budsjett 2008) 51000

Innsparinger ved drift, strøm, vedlikehold ved flytting til paviljong -25000

Innsparinger på ansvar 2510 ved felles administrasjon -10000

Innsparinger ved Midsund skule:

5 % stilling som biblioteksansvarlig -20000

Sum årlig drift ved nytt tilbygg ved Midsund skule: 510950

Sum mulig innsparing ved ny paviljong, i høve til fortsettende virksomhet: 38050

Det ligg innsparing i drift ved å legge biblioteket i eit nytt tilbygg til Midsund skule. Fordi ein kan bruke eksisterande areal i Midsund skule til publikumsareal og personalrom, vert nytt areal for bibliotek omtrent halvert. Dette skal gi innsparingar i høve til vask og bruk av elektrisitet. Samtidig ligg der noko innsparingar på sjølve drifta av biblioteket, og ein sparar inn personalressursar som i dag er knytt til bibliotekdrifta ved Midsund skule.

I vår vurdering har vi også vurdert pris på bygg i høve til innhenta pris. For å få ei best mulig vurdering har vi sett på erfaringstall frå bygg som nyleg vart oppført på Raknes. Ved innhenting av pris er det lett å ikkje få med kostnader ved tilknytninga til gamalt bygg og uforutsette kostnader. Vi har justert opp innhenta pris, til erfaringstall på kr 13000/m2. Bygget skal settast rett på asfaltflate og ein får difor ikkje grunnkostnader.

Basert på samanlikning med budsjettal frå 2008 og ordninær drift med dagens forslag til leiepris og kapitalkostnader på investering i nytt bygg, så kjem vi likevel ut med at dette vil gi ei årleg innsparing på rundt kr 38.000.- Sjå oppstillinga ovanfor.

Vi har då ikkje vurdert den effekt som momskompensasjon på investeringa vil gi.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/426-2
Arkiv: 255
Saksbeh: Gunnar Kvalsund
Dato: 02.10.2008

Saksframlegg

Kjøp av aksjar i Samspleis AS

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/70	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune teiknar seg for 2 aksjar a kr 10 000,- i høve nyteikning i Samspleis AS. Aksjekjøpet vert dekt ved bruk av det kommunale næringsfondet.

Saksutgreiing:

I 2004 vart Midsund kommune, saman med ulike andre aktuelle interessentar, invitert til å teikne aksjar i selskapet Samspleis AS som var under etablering. Midsund formannskap gjorde vedtak om teikning av aksje i møte 14.09.04 sak 04/035.

Midsund kommune fekk i brev frå Samspleis 04.08.08 invitasjon til nyteikning av aksjar.

Samspleis AS er engasjert i delprosjektet på Haukabøen, og Møreaksen er tatt med under aktuelle prosjekt.

Vurdering:

Rådmannen tilrår å teikne to aksjar i selskapet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kostnaden vert dekt av det kommunale næringsfondet.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Vedlegg (prenta): Brev om kapitalutviding i Samspleis AS
Samspleis AS – Invitasjon til nyteikning av aksjar

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Samspleis AS



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2008/533-1
Arkiv: 153
Saksbeh: Anne Oterhals
Dato: 08.10.2008

Saksframlegg

Tertialrapport 2. tertial 2008 - Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/71	Kommunestyret	16.10.2008

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport 2. tertial 2008 til vitande.

Saksutgreiing:

Saka vert presentert i møte

Frank Westad
Konstituert rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: